# VIDSYN

## MUSIKKFESTIVAL

ROSENDAL

**9. - 10. JUNI**

# FESTIVALPROGRAM




SparebankenVest

Dyreklinikk

Dimmelsvik Entreprenør a.s

Rosendal Fjordhotel

Hydro

EUROSPAR

SKL

Scana

Byggtorget

Eide

EnergiTeknikk

# Helsing frå arrangøren




Det som starta med ein heilsprø ide og orda «go BIG or go HOME» er no blitt ein realitet. Velkommen så mykje til verdas første (og kanskje einaste) Vidsyn Musikkfestival. Prosessen fram mot dette har vore spanande og lærerik, og me har erfart at det å skulle arrangere festival byr på både ein og to utfordringar. Me håper at artistane me har booka vil falle i smak, det samme med maten og drikka som blir servert på festivalområdet.

Me drøymde om sommar, sol og solnedgang, gode menneske, god musikk og god stemning. No går draumen i oppfylling - takk for at de er med oss på dette.

SparebankenVest
Scana Powering the ocean industries
Johs. A. Hjelmeland A/S
Folgefonna Dyreklinikk
Eide
LM Leganger Maskin AS
Dimmelsvik Entreprenør a.s
Pettersen Entreprenør AS
Middagsknotten
EUROSPAR
Rosendal putballpark
RS
Hydro
SKL
skag profilera
BarOn
Rosendal Fjordhotel
EnergiTeknikk
Byggtorget Lio Sag & Treforedling
RØDNE FJORD CRUISE
Charles Lunde Design
H2elektro as
Grenda
FARFAR REKLAMEBYRÅ AS




Foto: GettyImages

# Saman gjer vi det betre

God rådgjeving til kundane våre er det viktigaste vi gjer. Ansikt til ansikt kvar dag. Hos oss møter du ein personleg bank, med dedikerte, dyktige autoriserte rådgjevarar for både privat- og bedriftsmarknaden.

**spv.no**

SparebankenVest



**Vi ynskjer alle ei fin festivalhelg på Vidsyn i Rosendal.**

Lykke til!

**Dimmelsvik Entreprenør As**



**Vi ønsker alle en fin festivalhelg!**

Folgefonna
**Dyreklinikk**




## dePresno



dePresno kom ut med sin debutsingel «Forever» i 2015. Sidan den tid har han blant anna gitt ut 3 album, turnert i både inn og utland, og deltatt i programserien «de neste» på NRK1. Med andre ord har dePresno på dei siste 8 åra klart å etablere seg som artist og blitt kjent som ein av landets beste pop-solister.

Det siste halve året har dePresno kome ut med fleire nye singlar, med blant anna den siste utgjevne, «Emotional Punching Bag», som kom i mars.

Me trur det blir magisk når dePresno avsluttar fredagskvelden på Vidsyn Musikkfestival, og me må berre seie oss enig med Dagbladet sin anmelder: «Stemmen til dePresno er en attraksjon i seg selv».

## Nanna Sofie



Det er sjølvsagt at Rosendal si eiga Nanna Sofie skal spele på Vidsyn Musikkfestival. I løpet av det siste året har ho gitt ut singelen «Ti på to», og nyleg kom ho ut med sin andre singel «Looking at me».

Nanna Sofie skulle ikkje satsa på musikk før ho vart ferdigutdanna sjukepleiar, men slik blei det altså ikkje. Etter eit bidrag på Bjørn Moe sin låt «The book» opna det seg fleire dører, og ho fekk ny motivasjon til å fullføre sine eigne songar. At Nanna Sofie er ein dyktig vokalist med ei særegen stemme er kjent for oss lokale, og no gler me oss til å dele ho med resten av publikum på Vidsyn Musikkfestival.

## Markella



Markella er ein gresk-norsk artist, som har skapt eit eige musikalske univers der nordisk synthbasert pop møter ulike greske elementer, som språk, folketoner og klangfarger.

Ho slapp debutsingelen "Burn Again" våren 2022, kort tid etter slapp ho også "Hide Away", til stor respons frå lyttarar verda over. Hennar nyaste singel "No one hurts me like i hurt myself" kom ut 3.mars i år.

Me gler oss stort over at Markella er ein av artstane som skal spele på Vidsyn Musikkfestival.

VIDSYN MUSIKKFESTIVAL

## Fredag 9. juni

| | |
|---|---|
| 17:00 | Dørene åpner |
| 18:30 | DØSSI |
| 20:00 | MARKELLA |
| 21:30 | Marion Woodseth |
| 23:00 | dePresno |
| 00:30 | SLUTT |
| 01:00 | Busstransport |

## Lørdag 10. juni

| | |
|---|---|
| 16:00 | Dørene åpner |
| 17:00 | Theodor Lucero |
| 18:30 | Nanna Sofie |
| 20:00 | Cherry Cinema |
| 21:30 | Hannah Storm |
| 23:15 | TEAM ME |
| 00:45 | SLUTT |
| 01:00 | Busstransport |





# Vil du være med å ta Hydro til nullutslipp?

Verden trenger materialer til elbiler, tog og vindmøller. Vi trenger å bygge ny kritisk infrastruktur og smartere bygg om vi skal lykkes med bærekraftsmålene.

Helst bør materialene være lette og kunne brukes igjen og igjen og igjen. Derfor vil aluminium komme til å spille en viktig rolle når vi skal legge om til et mer sirkulært og utslippsfritt samfunn. Å produsere aluminium uten utslipp innen 2050 er en ambisiøs målsetning. Derfor leter vi alltid etter de flinkeste folkene for å utvikle løsningene som tar oss dit.

Les mer og søk på www.hydro.com/ledige-stillinger

Hydro

Industries that matter

EUROSPAR

ROSENDAL

Hos **EUROSPAR Rosendal** finner du alltid et stort vareutvalg, spennende lokalmat og en hyggelig betjening. Vi er opptatt av å støtte lokalsamfunnet og er derfor stolt sponsor av Vidsyn Musikkfestival.

Måndag – Fredag **7-22** Laurdag **8-20** Søndag **12-17**


## Team Me



I 2010 slo Team Me gjennom som band, då dei var med i Urørt-finalen med låta «Fool». I dei påfølgande åra kom det fleire singlar, som til dømes «With My Hands Covering Both of My Eyes I Am Too Scared to Have a Look At You Now» og «F is for Faker». Dei kom også med fleire plateutgjevingar, og gjorde ei rekke konsertar og festivalar, før bandet vart oppløyst i november 2015.

Til mange si glede vende indie-yndlingane i Team Me tilbake til musikkscena hausten 2021 med singelen "Song for a Drummer". Sidan då har fleire nye og spanande låtar kome fram frå bandet sitt unike univers, noko som kulminerte i eit etterlengta studioalbum, titulert «Something in the making», etterfulgt av releaseturne i Norge og ei rekke festivaljobbar våren og sommaren 2022.

No i vår kom bandet ut med singelen «Return to the Riverside», og denne sett den rette stemninga til ei perfekt avslutning på ein alle tiders festival på Vidsyn.

## DØSSI



Med sitt debut-album «love, let go and love again» kjem Ingrid Døssland, med artistnavnet DØSSI, heim til Kvinnherad og spelar i gang heile Vidsyn Musikkfestival.

DØSSI sitt melodiske uttrykk og evne til historiefortelling deler likskapar med artistar som Joni Mitchell, Lucy Rose og Sufjan Stevens.

DØSSI sine Bluebirds og Lovebirds kjem til å sette den perfekte stemninga for festivalen, og noko du absolutt må få med deg. Med sine nydelege tekstar og særeigne stemme, tar ho lyttaren med på ei reise til eit melankolsk og atmosfærisk univers, med flytande gitarar, drøymande synther og vakre vokalproduksjonar.

## Theodor Lucero



Theodor Lucero har raskt blitt ein konsertsnakkis, kjent for sine energiske konsertar med eit ukonvensjonelt oppsett med tre gitarar, bass, vokal og trommer, og som ofte endar i allsong. Musikken fokuserer sterkt på dynamikk, gode tekstar og fengande melodiar. Dei har spelt inn eit album som dei no haustar fruktene av, og dei har turnert langs heile norskekysten.

Heldigvis er dette berre starten på eit spanande år for Theodor Lucero og hans band. Fleire singlar vert sleppt på andre sida av sommaren, før det heile kulminerer i hans debutalbum som vil lyse opp mørketida på slutten av året.

NATUREN GIR OSS MYKJE

NO GIR VI
DET VIDARE

SKL

REIN ENERGI



Velkommen til Rosendal Fjordhotel

Ved innløpet av Hardangerfjorden, omkranset av majestetiske fjell og beriket på flott natur.
Det naturlige stoppested for å oppleve Rosendal, med aktiviteter for store og små. Overnatting i hyggelige omgivelser.
Hotellet ligger kun en kort spasertur fra Baroniet med den 300 år gamle renessansehagen.



## Hannah Storm

Hannah Storm hadde sin oppvekst i ein musikalsk heim i Oslo. Alt i 7-årsalderen byrja ho å skrive sine eigne songar Etter å ha sunge i kor i 13 år, samt fullført utdanninga på musikklinja på Foss vgs, jazzlinja på Toneheim Folkehøgskole og ved LIMPI, sendte Hannah ut nokre demoar til nokon utvalde aktørar i musikkbransjen.

Hannah Storm har signert platekontrakt med kredible Petroleum Records og under bransjefestivalane Vill Vill Vest og Bylarm fekk ho både publikum, meldarar og bransje til å måpe. Rett etter sistnemnte festival vart Hannah booka direkte til Øya 2022!

Hannah Storm er ikkje redd for å måle på det største melodiske lerretet med både organisk og ektefølt pensel, og det er sjeldan at ein artist i startgropa av karrieren leverer musikk som låte så stort. Det vil nok dei heldige som har fått oppleve hennas gåsehudframkallande live-opptreden også kunne skrive under på. I fjor kunne ein sjå Hannah Storm på Øya og Slottsfjell. I år kan du oppleva ho live på Vidsyn Musikkfestival, og me gler oss.

## Marion Woodseth



Marion Woodseth er oppvaksen på Valen i Kvinnherad, men bur no i Oslo. Me er glade for at ho no kjem «heim» for å opptre på Vidsyn Musikkfestival.

I desember 2021 signerte ho med Drabant under Sony Music Norway. «Bølge», som kom i juni i fjor, skylde over landet og, takka vera hyppig speling på blant anna NRK P1, blei ein del av lydsporet til sommaren 2022.

Ryktet seier at Marion er på veg med ny deilig sommarmusikk, som me kanskje får ein smakebit av på Vidsyn Musikkfestival.

Uansett så glede me oss til å høyre ho live på bakkane på Vidsyn. Me lar Nina Gjertsen i NRKP3 sine ord bli våre «Det er dette jeg vil danse til på festival, på en nedtråkket gressplen med gode venner».



## Cherry Cinema

I 2022 bytta Cherry Cinema navn frå car.pool. Like etter navnebyte kom dei ut med singelen «Don’t Do It» som smalt rett inn på spelelistene på P3. Det markerte også starten for ein ny epoke, som seinare same haust endte opp med EPen Crystal Clear: Disc 1.

Musikalsk sett har bandet no verkeleg funne sitt sanne eg, med ein meir tydeleg og sjølvsikker sound, 80-tallet reinkarnert i et hardtslåande indiepop-band frå Kristiansand.

No i vår har Cherry Cinema kome med sin nyaste EP, Crystal Clear: Disc 2.
Og me gler oss til å oppleve dei live på Vidsyn Musikkfestsival.

VIDSYN
MUSIKKFESTIVAL

# Festivalmeny

**Burger 150kr**
Allergen:gluten, sesam, laktose og egg.

**BaktPotet 150kr**
-m/ skinke, mais, ost og rømme
-m/mais, rømme og ost.
Allergen:laktose

**Nudlar 100kr**
- m/kylling, paprika, sukkererter og soyasaus.
Allergen: soya



Middagsknotten
*Der du ønskjer*